

# Lunde



**Gnr. 27, 28, 29 og 30**

Av Knut Raastad, november 2024



*Nordgard Lunde ca. 1930. Foto: Hans Joramo*

# Lunde nigard

Gnr. 27 bnr. 1

Gml.nr. 17, nytt nr. 26, l.nr. 36

Erkebiskopens rekneskap 1560-61 viser eigarskap i Lunde 2 alen vadsmål (½ hud), ein teori er at dette er jordeige som vart lagt attåt det som Trondhjems gard hadde.

Skattelister 1610-1624 viser at brukaren var Thore. Thore hadde desse barna:

Olluff f.ca.1596 d.ca.1675, neste brukar

Anne, g.m. Torkild Råstad nørdeste f.ca.1595

Koppskatten 1645 viser at Oluff var brukar på Lunde. Skatteliste 1653 viser at Oluff Lunde brukte 4 huder som tilhørde Trondhjems gard. Manntalet 1666 og matrikkelen 1668 viser at Lunde 4 ½ hud følgjer Trondhjems gard. Oppsitjaren Oluff Toresen f.ca.1596 d.ca.1675 var gift med Marit Iffersdotter Sandbu, dei hadde 5 barn:

Iver f.ca.1632 d.etter 1697, neste brukar

Tore f.ca.1636 d.ca.1695

Iver d.y. f.ca.1639 d.1688, g.m. Gunhild Iversdtr. Sandbu upp. nord d.etter 1688. Til nordgard Sandbu. I kaptein Bruns teneste i 1666

Jon d.før 1696

Kari d.1691, g.m. Johannes Iversen Sandbu upp. nord d.ca.1712

Ivar Olsen Lunde f.1632 d.etter 1697 vart ca. 1666 gift med Åse Tordsdotter Bjølstad f.ca.1640 d.1697 dotter til Tord Tordsen Bjølstad f.ca.1575 d.1675 og Ingrid Olsdtr. Slette f.ca.1605 d.1672. Iver fekk i 1681 skjøte frå rittmester Brochdorf på Skårvangen ½ hud, og denne vart nemnd i skifte i 1697. Ved skifter utover 1700-talet vart ikkje jordeiga i Skårvangen nemnd. Fyrst frå 1792 var det med ½ hud i Skårvangen som viser seg å vera Brynildøygarden (Nygård), men det er usikkert om dette var same eigedommen. Ivar og Åse hadde 3 barn:

Ola f.ca.1678 d.1749, neste brukar

Mari ugift i 1697

Ingrid d.ca.1737, g.m. Jon Sveinsen Mo 1658-1738

Skoskatten 1711 nemner Ole Iversen Lunde med hustru og 2 barn. Matrikkelen 1723 viser også at oppsitjar var Ole Iversen og at Lunde fortsett tilhørde Trondhjems skole. I 1734 kjøpte Ole Iversen garden Lunde 4 ½ hud for 1076 rd av den Trondhjemske latinske skule. Ved skifte i 1737 eigde han og kona Lunde 4 ½ hud. Ola Iversen Lunde f.ca.1678 d.1749 var gift med Aase Olsdotter Raastad s. d.1737 dotter til Ola Larsen Raastad f.før 1649 d.1691 og Ragnhild Iversdtr. Sandbu upp. nord d.etter 1697. Ola og Aase hadde 3 barn:

Iver f.ca.1707 d.1752, neste brukar

Iver d.y. f.ca.1710 d.1744, ugift. Til Råstad s.

Ola 1715-1797, g.m. Randi Andersdtr. Øy/Sunde 1724-1805. Til Råstad s.

Ivar Olsen Lunde f.ca.1707 d.1752 var gift med Kari Ivarsdotter Sandbu upp. nord f.ca.1716 d.1746 dotter til Ivar Johansen Sandbu upp. nord d.etter 1752. Ved skifte i 1752 eigde Iver garden Lunde 4 ½ hud. Iver og Kari hadde 2 barn:

Ola 1737-1792, neste brukar

Iver 1739-1819, g.m. Kari Knutsdr. Øy 1746-1822. Til Sandbu upp. nord.

Ola Iversen Lunde 1737-1792 vart 1758 gift med Guri Knutsdotter Kleppe 1732-1804 dotter til Knut Iversen Kleppe n. 1695-1758 og Mari Tordsdr. Bjølstad 1705-1761. Ved skifte i 1792 vart det nemnd både Lunde 4 ½ hud og underliggjande jordgods i Skårvangen 6 skinn. Ola og Guri hadde 3 barn:

Kari f.ca.1758 d.1822, g.m. Tord Olsen Harildstad 1780-1838. Til Storvik n.

Mari f.ca.1764 d.1856, g.m. Nils Guttormsen Graffer 1757-1842

Iver 1768-1832, neste brukar

Iver Olsen Lunde 1768-1832 fekk i 1794 farsarven ved fylte 25 år, det var skifte etter faren i 1792. Iver var gift med Rønnaug Guttormsdotter Graffer 1768-1826 dotter til Guttorm Nilsen Graffer 1734-1801 og Rønnaug Nilsdr. Skrinde 1740-1822. Iver og Rønnaug hadde 4 barn:

Ola 1790-1844, neste brukar

Guri 1792-1840, g.m. Hans Andersen Raastad 1788-1825

Guttorm 1797-1857, g.m. Mari d.y. Olsdr. Angard f.1810. Til Brekken på Nord-Sel.

Iver 1809-1858, ugift

I 1807 var det skjøte frå Iver Olsen til Ole Iversen på Lunde 5 huder for 1000 rd. Ole var gift med Mari Olsdotter Angard 1805-1870 dotter til Ola Hansen Angard 1762-1829 og Anne Pålsdr. Tolstad f.1766. Ole og Mari hadde 2 barn:

Iver 1828-1904, neste brukar

Ole 1834-1912, g.m. Beatha Valle, Fellese 1837-1897. Til Sjørem.

I 1859 var det skjøte frå Mari Olsdotter til sonen Iver Olsen. Iver Olsen kjøpte i 1886 oppigard Lunde og oppigard og nigard vart dermed samanslege. Iver Olsen f.1828 var gift med Kirsti Helgesdotter Klæstad, Gran 1832-1920 dotter til Helge Trondsen Klæstad 1797-1870 og Randi Larsdr. Skjerven 1810-1880. Kjersti var fyrst gift med Gudbrand Bjellum, dei hadde to døtre som døydde. Iver og Kjersti hadde 3 barn:

Mari 1870-1911, g.m. Sølfest Eriksen Haugen, Lom 1867-1948

Ole 1872-1950, neste brukar

Helge 1877-1948, g.m. Janina Lewistam, Polen 1882-1963

I 1893 var det skjøte på nigard og oppigard Lunde frå Iver Olsen til sonen Ole Iversen for kr 8000,- samt for lausøyre kr 8000,- sum kr 16000,- som skulle betalast til den yngste sonen Helge Lunde. Ole var gift med Johanne Knutsdotter Eriksen, Dovre 1877-1948 d. i USA. Ole var eigar av megarden Snerle 1912-1919. Ole og Johanne hadde 6 barn:

Ivar 1900-1984, ugift

Knut Helge 1901-1976, ugift. Til USA.

Kirsti f.1903, til USA

Einar 1905-1991, g.m. Leone Stuart d.1993. Til USA.

Trygve 1906-1997, g.m. Jane Coffey, g.2.m. Carol Biesel f.1940. Til USA.

Sigurd 1911-1972, g.m. Therese Cedergren 1920-1994

I 1907 var det skjøte på oppigard og nigard Lunde frå Ole Iversen til Thor Hansen Sandbu for kr 32000,-. Thor Sandbu f.1880 frå Gammel-Sandbu i Nord-Fron, nå Sel, vart gift med Synnøve Syversdotter Tokvam, Nord-Fron f.1884. Thor og Synnøve hadde 7 barn:

Helge 1906-1993, neste brukar

Sigurd f.1908

Karen f.1910

Arne f.1912

Magne f.1915

Sigrid f.1923

Tora f.1923, g.m. Harald Hølmo f.1916

Brynhildøygarden / Nygård gnr. 27 bnr. 2 vart frådelt frå Lunde i 1910 med skjøte i 1911 til Syver Lilleenget frå Jakob Sandbusgarden vedteke av Thor Sandbu for kr 1200,-.

Helge Sandbu 1906-1993 overtok etter faren i 1942. Helge vart 1943 gift med Tora Solbraa, Løten 1910-1991, dei hadde 2 barn:

Tor f.1946, neste brukar

Guri f.1948, g.m. Einar Holen, Heidal

Tor Sandbu overtok etter faren i 1977, han vart 1974 gift med Astrid Hove, Skjåk f.1950 dotter til Kristen R Hove f.1912 og Gudrun Gjeilo f.1913. Tor og Astrid har 2 barn:

Tora f.1976

Helge f.1978, neste brukar

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på nigard Lunde

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Jakup Skjedsvoll: notat om avskrifter av pantebøker og skattelister ca.1600-1800

## Lundalykkja

Liste over husmannspengar til kyrkja i 1780 viser Tjøstel Lunde Løkken.

Johannes Jensen f.ca.1748 d.1832 var i 1801 husmann med jord under Lunde, i 1805 og 1806 vart han nemnd som Johannes Lykken. Johannes var gift med Elie Fridrichsdotter f.ca.1754 d.1836. Johannes og Elie hadde 5 barn:

Jens f.1783  
Fridrich f.1787  
Lars f.1789, neste brukar  
Marit f.ca.1792,  
Anne f.ca.1798, inderst i Lundalykkja i 1865 og 1875

Lars Johannesen Lundeeie f.ca.1789 d.1862 vart 1817 gift med Anne Olsdotter Skjedsvoldeie f.ca.1795 d.1871. Lars var med i liste over husmenn i 1832 og 1833.

Anne Olsdotter f.ca. 1799 var i 1865 føderådscone. Lars og Anne hadde 11 barn:

Johannes 1817-1818  
Eli f.1819  
Johannes 1822-1909, neste brukar  
Anne 1825-1828  
Ole f.1827  
Anne 1829-1829  
Brit 1833-1842  
Marit f.1835  
Kari 1838-1857  
Mari f.1841  
Ole f.1843

Johannes Larsen Lundeløkken 1822-1909 var i 1865 og 1875 husmann med jord. Johannes vart 1852 gift med Eli Svendsdotter Øyseie 1823-1887 dotter til Svend Jacobsen Øyseie.

Johannes og Eli hadde 6 barn:

Lars f.1852  
Marit 1854-1855  
Johannes f.1857  
Marit f.1859  
Anders 1862-1863  
Anne f.1864

Johannes hadde med Ragnild Olsdtr. nørdrø Blesseie sonen

Ole f.1848

Lundalykkja gnr. 27 bnr. 3 vart frådelt frå nigard Lunde i 1915 med skjøte frå Tor Sandbu til Jakob J Lundaløkken for kr 3500. Jacob var gift med Mari Sælatungen, dei hadde 5 barn:

Jo 1890-1984, neste brukar  
Guri  
Mari  
Ingeborg  
Tor

Jo Lundelykken overtok med skjøte i 1928 for kr 4200 inkl. lausøyre kr 1500 samt føderåd kr 1500. Jo vart 1941 gift med Guri Knutsdtr. Randen 1896-1980.

Knut Randen f.1935 overtok i 1980, Guri var syster til faren. Knut var son til Jakob Randen f.1905 og Julie Lien f.1915. Knut vart 1961 gift med Gjertrud Marie Thorstuen f.1936 dotter til Hans Thorstuen f.1907 og Klara Ingebretsen f.1910. Knut og Gjertrud har 2 barn:

Jorunn Kristin f.1961, g.m. Gunnar Anders Rusten  
Kjell Ove f.1971

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker  
Norske gardsbruk 1953-1997

## Skålen – nedre Skålen

Skålen gnr. 27 bnr. 4 vart i 1915 frådelt frå nigard Lunde gnr. 27 bnr. 1 med skjøte frå Tor Sandbu til Hans O Skålen for kr 1800 (i Norske gardsbruk står det at Hans Flatmo kjøpte bruket i 1904). Hans O Flatmo 1860-1930 var son til Karen Hansdr. Flatmo f.1833, faren var Ole Amundsen Nystuen. Hans var i 1910 husmann på nedre Skaalen. I 1900 budde familien på Tørkestuen/Lundeeie, denne tørrstugu stod truleg ovanfor nigard Lunde. Hans vart 1884 gift med Mari Gundersdotter Skinneth 1858-1921 dotter til Gunder Gudbrandsen. Hans og Mari hadde 6 barn:

Kari f.1883

Marit f.1884, ho var enkje i 1910 og budde på Skålen saman med sonen Ragnvald  
Kristoffersen, Heidal f.1910. Marit var enkje i 1920 og budde på Skålen saman  
med dottera Hanna Olsdr. f.1915

Anne f.1888

Guri 1891-1899

Hans 1894-1965, neste brukar

Ymbjør 1895-1899

Hans overtok med skjøte i 1923 for kr 3000. Hans vart 1925 gift med Mari Steinli 1899-1984, dei hade 4 barn:

Ragnhild f.1925

Helge f.1927

Gunhild f.1931, neste brukar

Arne f.1932

Gunhild var gift med Einar J Bakken f.1936, dei hadde 1 barn:

Jon Harald f.1965

Jon Harald overtok eigedommen etter besteforeldra i 1986.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

## Haugli – øvre Skålen

Erland Olsen var i 1801 tenar på megarden Raastad. Soldat Erland Olsen f.ca.1779 vart 1807 gift med Ingri Olsdotter f.ca.1782 d.1848. Ved barnefødsler frå 1816 er dei nemnde på Lundeeie, da dottera gifta seg i 1833 vart han nemnd som Skaalen. Erland og Ingri hadde 5 barn:

- Barbro 1807-1865, neste brukar
- Imbiør f.1812
- Ole f.1816
- Mari 1819-1896, g.m. Anders Torsen Tassmyrhaugen 1790-1863. Til Svastugu.
- Ingri 1821-1903, g.m. Tor Andersen Tassmyrhaugen 1822-1861.

Enkjemannen Ole Olsen f.ca.1810 d.1879 var i 1865 husmann med jord på Skålen, ved barnefødsler i 1837 og 1846 går det fram at dette var nedre Lundeeie slik at plassen tilhørde nigard Lunde. Ole Olsen Kaggerudeie var son til Ole Gaarden i Skårvangen. Ole vart 1836 gift med Barbro Erlandsdotter Lundeeie 1807-1865. Ole var legdslem på nigard Lunde i 1875 der han døydd i 1879. I 1875 budde det ikkje folk på øvre Skålen. Ole og Barbro hadde 3 barn:

- Erland 1837-1838
- Ingri f.1840, Ingri O Skaalen budde i 1900 på øvre Skålen
- Erland f.1846

Ola J Skålen 1853-1942 var i 1900 og 1910 husmann med jord på øvre Skaalen. Ola Jacobsen Ødegaarden var son til Jacob Ellevsen Øiseie 1824-1918 og Guri Eriksdtr. Øyseie 1828-1904. Ole vart 1876 gift med Ymbjørg Sælatunga 1856-1917 dotter til Thor Nielsen f.ca.1825 og Ymbjør Jacobsdotter f.ca.1818. Ved barnefødsler frå 1879 var dei på Lundeeie. Ola og Ymbjør hadde 8 barn:

- Guri f.1876
- Thor f.1879
- Jacob f.1881
- Ymbjørg f.1883
- Ole f.1886
- Mari 1888-1889
- Mari f.1890
- Anders 1894-1976, neste brukar

Haugli gnr. 27 bnr. 8 vart frådelt frå nigard Lunde gnr. 27 bnr. 1 i 1925 med skjøte i 1926 frå Tor Sandbu til Anders O Skaalen for kr 4800. Anders overtok drifta etter faren i 1926. Anders vart 1921 gift med Gunhild H Lunde nordgard 1900-1979, dei hadde 4 barn:

- Kari f.1924

Ymbjørg f.1928  
Marit f.1929  
Ola f.1932, neste brukar

Ola overtok etter faren i 1974. Ola vart 1973 gift med Magnhild S Strandene, Borøy i Aust-Agder f.1941 dotter til Hilmar Strandene f.1914 og Anne Kristine Andersen f.1917. Ola og Magnhild har 2 barn:  
Unn-Berit f.1973  
Anders f.1976

Kjelder:  
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker  
Norske gardsbruk 1953-1997

## Fagerli

Fagerli gnr. 27 bnr. 7 vart frådelt frå nigard Lunde i 1920 med skjøte frå Tor Sandbu til Hans Fagernes for kr 4250,-. Hans Hansen Fagernes 1869-1929 var frå Kjørarstugu under Lye, son til Hans Olsen Kleppeeige f.1838 og Marit Hansdtr. Daleeige, Sel f.1848. Frå 1910 til 1920 var Hans eigar av Fagernes. Hans var i hennar andre ekteskap gift med Kari Jakobsdotter Husehaugen 1864-1953 dotter til Jakob Olsen. Kari vart 1887 gift med Anders Olsen Sjellum f.1864 d.ca.1890 son til Ole Olsen. I 1900 var enkja Kari i teneste på Blessom. Kari og Anders hadde 1 barn:  
Ola 1887-1973, neste eigar

Ola Fagernes 1887-1978 fekk heimelen til Fagerli etter at mora døydde i 1953, men etter Norske gardsbruk overtok dei i 1948 og flytta til Fagerli da. Ola var gift med Anne Skjedsvold 1890-1978 dotter til Tore Holen. Ola og Anne budde på Fagernes i 1915, dei dreiv nørdre Holen i 5-6 år, og kjøpte Sandbugarden i Skårvangen i 1923. Ola og Anne hadde 3 barn:

Kristian Fagernes f.1915, g.m. Mari Bergon, Lom f.1920  
Ragnhild 1920-1995, neste eigar  
Anna f.1923, g.m. Einar Bakken, Skårvangen

Ragnhild overtok Fagerli med skjøte frå syskjena i 1978. Ho var gift med Olav Øygarden 1899-1992 son til Ola Brekken og Mari Øygarden. Ragnhild og Olav leigde systugu Lunde ca.1945-1980. Olav og Ragnhild hadde 2 barn:  
Ola f.1945, neste eigar  
Anna f.1948, g.m. Arne Edvin Næprud

Eigar frå 1992 er Ola Øygarden. Han vart 1971 gift med Martha Lien, Heidal f.1948 dotter til Alfred Lien f.1908 og Maria Sveen f.1909. Ola og Martha bur ved Steinli, dei har 3 barn:  
Nils f.1971



Oddgeir f.1973

Marit f.1978

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Ola Fagernes

## Lundehaugen

Syver Eriksen var i 1801 husmann under nigard Lunde. Syver Haugen vart nemnd i liste over husmannspenger i 1805. Syver Eriksen f.ca.1752 d.1818 vart 1779 gift med Marit Knutsdotter f.ca.1756 d.1813. Syver og Marit hadde 6 barn:

Marit f.1780

Rønnov f.1783

Kari f.1787

Ingri f.1789

Erik f.1795-1816

Brit f.ca.1796

Iver Iversen var i 1833 husmann under nigard Lunde. Dette kan vera ugifte Iver Iversen nigard Lunde 1809-1858, han var inderst da han døydde i 1858. Det er usikkert Iver var på Lundehaugen eller ein annan plass.

Det er ikkje kjend om Lundehaugen var same plassen som Lundhaug som vart frådelt frå Lundhaug i 1917.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Lundhaug

Lundhaug gnr. 27 bnr. 6 vart 1917 frådelt frå nigard Lunde gnr. 27 bnr. 1 med skjøte frå Thor Sandbu til Syver J Bakken for kr 4000.

I 1924 var det skjøte frå Syver J Bakken til Brit Olsdatter Sønsteng for kr 9000 inkl. avling og meterialer kr 1500. I Norske gardsbruk står det at eigar var Brit Holsløykken som reiste til Amerika.

I 1948 var det skjøte frå Brit Sønstengs bu til Anton Teigen for kr 5000.

I 1949 var det skjøte frå Anton Teigen til Kristian Øygarden for kr 6000. Kristian O Øygarden 1909-1990 son til Ola Brekken og Mari Øygarden. Kristian leigde bruket frå 1936. Kristian vart 1932 gift med Marie Rudi 1910-1988 dotter til Hans Rudi og Mari Helstad, Lom.

Kristian og Marie hadde 5 barn:

Mari f.1932, g.m. Sigurd Svare  
Margit 1938-1994, g.m. Olav Båtstad  
Olaug f.1942, g.m. Åge Granmo  
Hjørdis f.1946, g.m. Arve Ramstad  
Ivar f.1948, neste eigar

Eigar frå 1988 var Ivar f.1948, han var sambuar med Ingrid Brennmo, Hattfjelldal f.1951 dotter til Nils Brennmo f.1913 og Ingeborg Poljord f.1921.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker  
Norske gardsbruk 1953-1997

## Lunde oppigard

Gnr. 28 bnr. 1

Gml.nr. 18, nytt nr. 27, l.nr. 37

Kyrkjerekneskap viser at Vågåkyrkja var eigar av 6 skinn i Lunde i 1574-77.

Skattelister 1610-1620 viser at brukaren var Hårek eller Henrik. I 1624 vart Hårek Lundes barn nemnde som eigarar av ½ hud i Kruke, medan Erik Lunde og Anne Lunde var eigarar av 1 hud kvar i Lunde.

Koppskatten 1645 viser at det var to brukarar på oppigard Lunde, det var Erik og Hårek. Dei var også brukarar i 1666, Hårek Olsen f.ca.1606 brukte 1 ½ hud og Erik Olsen f.ca.1615 brukte 1 hud. Hårek betalte i 1653-54 holding for ½ hud kyrkjegods. I 1663 kravde Eirik at Hårek skulle betale ei gjeld på 200 rd., det vart dom på at betaling skulle skje innan ein månad. Hårek hadde stesonen Ole Simensen f.ca.1658.

I 1668 var Erik Olsen brukar av heile oppigard Lunde, han eigde sjølv 2 huder medan kyrkja var eigar av ½ hud. Rekneskapen for kyrkja i 1675 viser også at kyrkja eigde ½ hud i Lunde. Erik Olsen f.ca.1615 d.ca.1683 var gift med Randi Torsdotter (avskrift av skifte etter Erik i 1683 viser ektefelle Ragnhild Torsdotter, men truleg er dette feiltolking). Det var skifte etter Randi i 1706 da ho gav opp garden, likevel står ho saman med sonen som brukar i 1711. Erik og Randi hadde 2 barn:

Ole, neste brukar  
Ingeborg, g.m. Pål på megarden Råstad

Skoskatten 1711 og matrikkelen 1723 viser at brukaren var Ole Eriksen. Han var sjølv eigar av 2 huder medan Vågå kyrkje eigde ½ hud. I 1724 kjøpte Ola Eirikson ½ hud kyrkjegods (da nemnd som prestebolsgods). Ola Eirikson vart nemnd på Blessom i 1737 da han pantsette Lunde. I 1755 var det skifte etter Ole Eriksen, han eigde da både oppigard Lunde 2 ½ hud og nordgard Blessom. Ole var gift med Rønnoug Gulbrandsdotter, dei hadde 4 barn:

Erik 1722-1802, g.m. Marit Olsdtr. Sandbu upp. sør f.ca.1727 d.1801. På Blessom n.

Peder f.ca.1726, seinare brukar

Kirsti f.ca.1730, ugift i 1755, skifte 1785

Rønnoug f.1731, g.m. Jon Toresen Holen n. f.1725

I 1739-40 bygsla Ola Eiriksson Blessom bort Lunde 2 ½ hud til Tore Hansson Slette frå Dovre for 10 år.

I 1743 selde Ola Eirikson på Blessom garden Lunde 2 ½ hud til systersonen Amund Pålsen Råstad for 740 rd. Panteobligasjon på 600 rd. til Jehans Jonson Einarsvoll vart skrivi i 1743 og innløyst i 1751. Amund Raastad m. f.ca.1710 d.1792 var son til Pål Råstad og Ymbjør Eiriksdotter Blessom/Lunde. Amund overtok megarden Råstad i 1760. Amund vart 1742 gift med Gunild Ivarsdotter Siem 1720-1810, dei hadde 5 barn:

Povel f.1744

Iver f.1747

Imbjør 1754-1832, hadde med Peder Syversen Lunde s. f.ca.1750 sonen Iver f.1786-1844 som kom til Skulmesterstugu

Poul f.1760

Svend f.1764

I 1755 vart Lunde 2 ½ hud proforma selt til Tostin Håkenstad, men dette vart omgjordt att året etter.

I 1755 var det skjøte på Lunde 2 ½ hud frå Amund Pålsen Lunde til Per Olsson Blessom som var son til den tidlegare eigaren Ole Eriksen Blessom. Per hadde odelsrett til 2 huder medan ½ hud var kjøpt kyrkjegods. Per lånte i 1756 600 rd. av Guttorm Olsen Sandbu med pant i Lunde, dette vart fornya i 1766. I 1771 lånte Per Olsen 1050 rd. av Jehans Knutsen Mo med pant i Lunde 2 ½ hud.

I 1761 selde Per Olsen med samtykke av kona garden sin oppigard Lunde 2 ½ hud til systersonen Tore Jonsson på Holen for 1198 rd., 684 rd. skulle betalast til Guttorm Sandbu og reisten kontant. Per og kona skulle ha ein plass «Qveen» som føderåd. Tore Holen 1750-1847 var son til Jon Toreson Holen f.1725 og Rønnaug Olsdtr. Blessom/Lunde f.1731, det var faren som skreiv under avtala. I 1771 vart føderådsplassen kalla Vangen. I 1771 vart det gjordt avtale om deling av bruken av Lunde mellom Per Olsen og Jon Toresen Holen, og same året selde Tore Jonsen på Lunde attende oppigard Lunde 2 ½ hud til morbroren Per Olsen.for 1050 rd. Peder Olsen hadde 2 barn:

Lars f.1764

Anne f.1767

I 1778 selde Per Olsen Lunde med samtykke frå kona odelsgarden oppigard Lunde 2 ½ hud til Jehans Knutsen Mo for 1350 rd. Johannes Knutsen Storvik s f.1716 var son til Knut Olsen Storvik 1670-1752 og Rønnaug Christensdr. Fellese 1670-1746. Johannes var gift med Aaste Jonsdotter Mo 1711-1781 dotter til Jon Svendsen Mo f.1658 d.før 1738 og Ingrid Iversdr.

Lunde nig. d.1737. Johannes og Aaste eigde Mo, dei hadde 5 barn:

Jon 1742-1839, g.m. Jøda Rolvsdr. Einarsvoll 1755-1844. På Mo

Rønnaug f.ca.1744 d.1779, g.m. Ole Østensen, hadde dottera Marit f.1779. På Lunde i 1779

Ingrid 1747-1818, g.m. Iver Hansen Viste nordg. 177-1805

Knut 1739-1825, neste eigar

Christen f.1752

I 1790 var det skjøte frå Johannes Knutsen til Knud Johansen på Lunde 2 huder 6 skinn for 1000 rd. Knut Johansen var frå Mo og overtok Lye i 1786. Knut Johansen 1739-1825 var son til Johannes Knutsen Storvik s. f.1716 og Aaste Jonsdr. Mo 1711-1781. Knut var gift med Mari Hansdotter Viste n. f.1761 dotter til Hans Iversen Kvarberg 1727-1776 og Gunhild Jonsdr. f.ca.1733 d.1814.

I 1792 var det skjøte på Lunde 2 ½ huder frå Knut Johansen på Lye til Nils Fredriksen for 1210 rd. Samtidig skreiv Nils ut eit skuldbrev på 1000 rd. til enkja Guri Pålsdotter på Kvarberg. Nils 1764-1854 var son til Fredrik Guttormsen 1729-1814 og Synne Nilsdr. 1731-1805 (Fredrik var skreddar og husmann på Volden under Sandbu (Vollheim)). Nils vart 1791 gift med Ymbjør Larsdr. Øy ø Haugøy 1761-1851 dotter til Lars Johannessen Øy f.ca.1717 d.1802 og Aaste Tjøstolvsdr. Kleppe s. f.ca.1731 d.1802. Nils Fredriksen kjøpte i 1800 Nordpå-Strond. Nils og Ymbjør hadde 5 barn:

Aaste 1791-1881, g.m. Halvor Andersen Fellese løykka f.ca.1775 d.1861

Kari 1794-1817, g.m. Ole Hansen Svare f.ca.1785 d.1862

Rønnaug 1797-1824, g.m. Iver Olsen Blessumeie f.ca.1793 d.1863

Anders 1799-1876, g.m. Marit Gudbrandsdr. Rusnes 1802-1884

Lars f.ca.1802 d.1885, ugift

I 1797 var det påteikning på panteobligasjonen frå 1792 frå Nils Fredriksen til Guri Pålsdotter der det går fram at einaste arvingen etter Guri var sonedottera Anne Iversdotter Kvarberg 1781-1856. Knut Johansen Lye har nok teke att Lunde, for det var han som selde i 1800.

I 1800 var det skjøte på Lunde 2 ½ hud frå Knut Johansen til Ole Hansen for 1449 rd. Ole Hansen Viste nordgard 1770-1808 var son til Gunhild Jonssdr. Viste n. 1733-1814 og Hans Iversen Kvarberg n. Lye 1727-1776. Ole var såleis bror til Mari som han overtok etter. Ole vart 1802 gift med Imbiør Iversdotter Viste u. f.ca.1774 d.1834 dotter til Iver Olsen Sandbu u. sør 1731-1802 og Marit Olsdr. Viste 1745-1833

I 1808 var det skiftebrev frå Ole Hansen til Imbiør Iversdotter på Lunde 2 ½ hud for 1500 rd. Imbiør vart i 1814 gift på nytt med Svend Siversen Klones f.ca.1780 d.1859

Imbiør Iversdotter skjøta i 1812 Lunde 2 ½ hud til Hans Iversen for 1500 rd. Hans Iversen f.ca.1785 d.1873 var frå oppigard Viste son til Iver Olsen Sandbu upp. sør 1731-1802 og Marit Olsdtr. Viste u. 1745-1833. Hans var såleis ein yngre bror til Imbiør. Hans var gift med Kari Olsdotter Siem 1799-1855 dotter til Ola Knutsen Siem 1759-1822 og Imbiør Eriksdtr. Kvarberg u. 1766-1806. Hans og Kari hadde 7 barn:

Iver 1818-1885, neste brukar

Ole f.1820, g.m. Ragnhild Knutsdtr. Stade f.1832

Ragnhild 1824-1894, g.m. Ola Eriksen Siem 1823-1889

Ymbjørg 1827-1912, g.m. Tjøstel Olsen Haugøy 1832-1912

Hans f.1832, g.m. Marit Christensdtr. Rustbrekken f.ca.1846

Øystein 1834-1898, ugift, fehandlar

Ole f.1845, g.m. Ragnhild Thorsdtr. f.1845

I 1872 var det skjøte frå Hans Iversen til sonen Iver Hansen for 1200 spd og føderåd. Iver vart 1875 gift med Rønnaug Hansdotter Øy 1831-1921 dotter til Hans Olsen Øy ø. Gardsøy 1784-1875 og Barbro Paulsdtr. Blessom n. 1795-1869. Iver og Rønnaug hadde ikkje barn.

I 1885-1887 var det skifte etter Iver Hansen Lunde 1818-1885, garden vart taksert til kr 10000,- og sætra Sallien kr 900,-. I 1886 var det auksjonsskjøte frå Iver Lundes bu til Iver Olsen Lunde for kr 8550,-. Iver Olsen var eigar og brukar på nigard Lunde og dermed vart oppigard samanslege med nigard.

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekt i Vågå og Lom, slekten på Kvarberg oppigard

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Jakup Skjedsvoll: notat om avskrifter av pantebøker og skattelister ca.1600-1800

## Vangen

Per Olsson Blessom f.ca.1726 kjøpte i 1755 oppigard Lunde som faren tidlegare hadde eigd. Per var son til Ole Eriksen Blessom n. og Rønnaug Gulbrandsdotter. Per selde Lunde i 1761 til systersonen. Per og kona skulle ha ein plass «Qveen» som føderåd. I 1771 vart føderådsplassen kalla Vangen. I 1771 kjøpte Per Olsen att Lunde, men selde garden att i 1778. Liste over husmannspengar til kyrkja i 1780, 1781 og 1782 viser under Lunde Peder Wangen. Peder f.ca.1726 hadde 2 barn:

Lars f.1764

Anne f.1767

Husmennene vi finn i Lundalykkja og på Lundevangen i 1801 var sønnene til Jens Erichsen f.ca.1723 d.1771. Jens vart 1747 gift med Marit Johannesdotter f.ca.1729 d.1771. Ved skifte etter dei i 1771 er Jens nemnd som Sørem, derfor er det lite som tilseier at dei budde på Vangen eller Lundalykkja. Jens og Marit hadde 6 barn:

Rønnaug, g.m. Peder Olsen Onstad  
Johannes f.ca.1751, i Lundalykkja  
Marit f.ca.1754, g.m. Erik Johannesen  
Erik f.ca.1758, på Vangen  
Lars f.ca.1762  
Jacob f.ca.1768

Erik Jensen f.ca.1758 d.1836 var i 1801 husmann med jord under Lunde, truleg var dette på Vangen. Erik var også med i liste over husmannspenger 1805 og 1833. Lundevangen låg vest for Lundalykkja. Erik vart 1786 gift med Anne Eriksdotter f.ca.1753 d.1814. Erik og anne hadde 4 barn:

Marit f.ca.1787  
Syver f.ca.1791, truleg g.m. Sigri Olsdtr. f.ca.1794, til Sveen ved Råstad  
Imbjør f.1794  
Jøa f.ca.1799

Kjelder:  
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

## Lunde systugu

Gnr. 29 bnr. 1  
Gml.nr. 19. Nytt nr. 28 L.nr. 38. 1 hud 7 skinn 6 alen vadmél

Erkebiskopens rekneskap 1560-1561 viser eigarskap i Lunde 6 alen vadmål (1 ½ hud). Dette har nok seinare gått over til krongods og fyrst på 1600-talet vart garden nemnd som krongods.

I 1595 vart det nemnd 1 ½ hud kononigods som vart disponert av Claus Berg.

Steffen Lunde betalte i 1606-07 holding for 2 huder krongods, 1 ½ hud kyrkjegods og 1 hud bondegods. Holding i 1612-13 var for 1 ½ hud krongods, 1 ½ hud kannikgods og 1 hud bondegods. Fyrstebysgel 1623-24 var for 1 ½ hud kyrkjegods, 1 ½ hud kannikgods og 1 hud bondegods. Krongodset i 1607 er ½ hud meir enn nemnd i 1561, 1613, 1624 og 1668, ein teori er at dette inkluderer 2 alen vadmål som vart nemnd i 1561 og at dette seinare på 1600-talet har vorte tillagt Trondhjems gard og nigard Lunde. Steffan står i skattelister frå 1610 til 1624.

Koppskatten 1645 viser at Engebret var brukar på Lunde. Engebret Staffennsøn betalte i 1623-24 fyrstebysgel av Lunde, mora hadde overlata han garden. Engelbret Lunde er nemnd med at han betalte holding i åra 1632-1660. I 1660 var det skifte etter Engebret og etterlatne hustru Elli Gundersdotter. Engebret og Elli hadde 2 barn:

Stehan, neste brukar

## Gunhild

Manntalet 1666 og matrikkelen 1668 viser at Stephen Ingelbretsen f.ca.1631 brukte Lunde, han var sjølv eigar av 1 hud. Kongen var eigar av 6 alen vadmål (1 ½ hud) med byksel, og 1 ½ hud var kanoni gods (Mariakyrkja). Steffan betalte i 1662 fyrstebyggesel av Lunde. Steffan Imbersson var gift med Brit Arnesdotter d.ca.1674. Steffan og Brit hadde truleg ikkje barn, for bror hennar Lars Arnesson var med i skiftet.

I 1671 var det skjøte på 6 alen vadmål i Lunde frå Niels Tholder til kaptein Brun, dermed må Tholder ha overteke krongodset. Jordboka 1678 viser at kongen har overteke kononigodset. Steffan sette i 1680 i pant 1 hud i Lunde til major Oluf Brun. Synfaring i 1681 viser at Lunde med skyld 4 huder ikkje burde ha høgare skyld enn 2 huder. Ser ein på eigarskapen i 1723 så vart skylda nedsett frå 2 ½ hud av det som var privatgods til 1 hud 7 skinn medan krongodset var som før. Dermed hadde skylda minka med 11 skinn.

Peder Andersen var gift med Jøda Simensdotter. Synfaring 1681 viser at Peder var brukar i 1681. I 1706 var det skifte i levande live og dei gav opp garden. Peder og Jøa hadde 8 barn:

- Oluf
- Kari
- Anne, neste brukar
- Giertru
- Ingri
- Sirri/Sigri
- Ingebor
- Marit

Tord Ellandsen overtok i 1706 da førre brukaren overgav garden til han. Skoskatten 1711 viser Tord med kvinne og 2 barn. Matrikkelutkastet 1723 viser at brukaren var Thor Erlandsen. Kongen var fortsett eigar av 6 alen vadmål (1 ½ hud), medan Hans Jacob Smith var eigar av 1 hud 7 skinn. Mellom 1723 og 1732 må Hans Jacob Smith ha kjøpt krongodset. I 1732 selde Hans Jacob Smith garden sin Lunde 3 huder 1 skinn til Tord Ellandsson og kona Ragnild Pålsdotter for 550 rd. Tord Ellandsen var truleg fyrst gift med dotter til førre brukaren, Anne Pedersdotter Lunde. (E. Hougen skreiv at Tord var frå nordgard Råstad, men dette stemmer kanskje ikkje). Tord og Anne hadde 4 barn:

- Live f.1706, g.m. Peder Spakrud
- Gjøa f.1708, neste brukar
- Kari, g.m. Torstein Iversen Kleppe n. f.1707. Til Håkenstad.
- Simen f.1718, til Holongsøyen

I 1734 selde Tore Ellandsson garden Lunde 3 huder 1 skinn til Sjugurd Olsson for 550 rd. Siver Olsen f.ca.1708 d.1789 var frå Rudi på Dovre, son til Ole Jørgensen Rudi og Ragnhild Gunnarsdtr. Ekre. Syver var gift med Jøda Torsdotter Lunde f.1708, dotter til førre eigaren. Syver og Gjøa hadde 7 barn:

- Ole f.ca.1731 d.1816, neste brukar

Tord

Syver 1744-1824, Lunde i 1801

Erland f.1747, fekk fars- og morsarven i 1783, underskrivi i København

Peder f.ca.1750, hadde med Imbjør Amundsdr. Raastad m. 1754-1832 sonen Iver  
1786-1844 som kom til Skulmesterstugu

Ragnild, fekk arven etter foreldra i 1796

Anne f.1754, g.m. Peder Stokstad

I 1762 selde Sjugurd Olsson odelsgarden Lunde 3 huder 1 skinn til eldste sonen Ola Sjugurdsson for 600 rd. Ola lånte i 1783 699 rd. av Lars Arnesen og Guri Arnesdotter på oppigard nedre Øy og pantsatte da Lunde 3 huder 1 skinn. Ole Siverson f.ca.1731 d.1816 vart 1768 gift med Imbjør Hansdotter Råstad nørste f.ca.1745 d.1783 dotter til Hans Paulsen Raastad m. f.1713 og Mari Amundsdr. Viste f.ca.1716 d.1794. Ole og Imbjør hadde 4 barn:

Syver 1770-1841, neste brukar

Mari f.1774, g.m. Ole Olsen Skårvangen f.1767

Hans 1777-1777

Anne f.1778, g.m. Tore Smed

I 1797 var det skjøte på Lunde 3 huder 1 skinn frå Ole Syversen til Syver Olsen for 1199 rd. Syver Olsen Lunde 1770-1841 vart 1798 gift med Mari Iversdr. Viste u. 1778-1859 dotter til Iver Olsen Sandbu upp. sør 1731-1802 og Mari Olsdr. Viste u. 1745-1833. Syver og Mari hadde 5 barn:

Ingeborg 1799-1881, g.m. Ole Syversen Klones 1788-1878

Ole f.ca.1802 d.1870, neste brukar

Ragnhild

Iver f.1807, g.m. Mari Knutsdr. Holesæter f.1808. Til Slombhaugen

Hans f.1812

I 1830 var det skjøte på Lunde 9 ½ skinn 3 alen vadmél frå Syver Olsen til Ole Syversen for 400 spd., dette var halve garden. Samtidig skreiv Ole føderådskontrakt med Syver Olsen og hustru Marit Iversdotter. I 1845 var det skifte etter Syver Olsen der den andre halvdel av garden vart verdsett til 500 spd, og truleg har Ole da overteke også denne delen. Ole Syversen vart 1829 gift med Rønnog Olsdotter Svare nordgard 1803-1898 dotter til Ole Jakobsen Svare f.1777 og Rønnaug Jonsdr. Råstad n. f.1766. Ole og Rønnaug hadde 5 barn:

Mari f.1829

Ole 1832-1921, neste brukar

Jacob f.1834

Ole 1840-1920, g.m. Aagot Johnsdtr. Hagen 1842-1920. Til Teigen i Sjørdalen.

Ragnhild 1842-1846

I 1878 var det skjøte frå Ole Syversens enkje Rønnaug Olsdotter og øvrige arvingar til Ole O Lunde d.e. for kr 5200,-. Kjørteigene gnr. 29 bnr. 2 vart frådelt frå Lunde i 1901 og seld til Håkenstad, dette var areal nedanfor den gamle bygdavegen og utgjorde 13 mål som vart sett til 1/7 av matrikkelskylda på Lunde. Ole 1832-1921 vart 1869 gift med Ragnild Hansdotter



Sønsteng 1845-1925 dotter til Hans Olsen Sønsteng 1814-1884 og Marit Olsdtr. Svare nordgard 1813-1889. Ole og Ragnhild hadde 6 barn:

Ole f.1869

Barbro f.1870

Hans f.1874, seinare brukar

Syver f.1877

Marit f.1879

Ragnhild 1885-1969, Lillelunde

**Lillelunde** gnr. 29 bnr. 3 vart frådelt frå systugu Lunde i 1918 med skjøte frå Ole Olsen Lunde til dottera Ragnhild 1885-1969 for kr 500,-. Seljaren og hustru Ragnhild Hansdotter skulle ha rett til å bruke husa. Denne eigedomen er ei stugu aust for nedre stugu på nordgard, samt eit jordstykke lenger oppe. Margit Nyløkken Gudbrandsen og Arne Nyløkken overtok dette som testamentsarvingar i 1970.

I 1918 vart det tinglyst skjøte på systugu Lunde frå Ole Olsen Lunde og hustru Ragnhild Hansdotter til Tore Johansen Juland for kr 11000,- samt føderåd verdsett til kr 2250,-. Føderådskontrakta var frå 1914 så overdraginga har nok skjedd da.

I 1921 var det odelsløyings-skjøte frå Tore Juland til Hans O Lunde for løysingssum kr 16000,- samt føderåd til Ole Olsen og Ragnhild Hansdotter verdsett til kr 6000,-.

Andreas Lundh 1890-1971 kjøpte i 1932 systugu Lunde av Hans Lundes dødsbu for kr 9600,- inkl. lausøyre kr 600,-. Andreas var son til Anders M. Lundh og Julie Christensen, Tønsberg. Andreas vart 1924 gift med Berit Brøndbo, Høylandet i Nord-Trøndelag 1892-1987 dotter til Elias Konrad Brøndbo og Maren Kjerstina Ristad. Andreas og Berit hadde 2 barn:

Julie Kjerstina f.1925, neste eigar

Inger Margrethe f.1932, g.m. Henning Aukrust

Olav Øygarden 1899-1992 g.m. Ragnhild Fagernes 1920-1995 leigde systugu Lunde ca.1945-1980. Olav og Ragnhild hadde 2 barn:

Ola f.1945, g.m. Martha Lien, Heidal f.1948

Anna f.1948, g.m. Arne Næprud

Julie Kjerstina overtok i 1972. Ho vart 1951 gift med Gunnar Brandt Kjeldsen, Namsos f.1925 son til Øistein B. Kjeldsen f.1887 og Bertha Nielsen f.1890. Julie og Gunnar bur på Ørsta, dei har 4 barn:

Øystein f.1953

Berit f.1957, sbm Ketil Strømberg

Anders f.1962

Gunvor Kjersti f.1967, g.m. Terje Wilberg

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom

Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker  
Norske gardsbruk 1953-1997  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.  
Jakup Skjedsvoll: notat om avskrifter av pantebøker og skattelister ca.1600-1800  
Engebret Hougen, Årbok for Gudbrandsdalen 1950: Arv og ætt, eit arveskifte i Vågå i 1816

## Lundehuset

Ole Olsen er i folketeljinga 1801 oppført som husmann under systugu Lunde. Ole var også med i liste over husmannspenger i 1805. Ved barnefødsler i 1802 og 1810 vart det kalla Lundehuset. Etter liste frå slektshistorielaget vart dette også kalla Kalvtrædet. Ole f.ca.1774 d.1846 vart 1797 gift med Mari Olsdotter f.ca.1771 d.1839. Kanskje er dette dei same som Mari Olsdtr. Lunde systugu f.1774, g.m. Ole Olsen Skårvangen f.1767. Da Ole og Mari døydde var dei på Svareplassen. Ole og Mari hadde 4 barn:

Ole f.1797  
Hans f.1799  
Ole f.1802  
Imbiør f.1810

Kjelder:  
Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

## Lunde nordgard

Gnr. 30 bnr. 1  
Gml.nr. 20. Nytt nr. 29. L.nr. 39.

Skattelister 1610-1625 viser at brukaren var Jørgen. I 1625 står det at Jørgen var eigar av Lunde 2 ½ hud 2 skinn, seinare er nordgard Lunde på 2 huder.

Koppskatten 1645 viser at Aschild var brukar på Lunde. I 1660 var det skifte etter Askild Jørgensen d.ca.1660. Askild var gift med Marit Jørgensdotter, dei hadde 4 barn:

Jon f.ca.1624, neste brukar  
Jørgen f.ca.1640, på Lunde i 1666  
Lussi, g.m. Amund Svare nig.  
Ingeleiv

Manntalet 1666 og matrikkelen 1668 viser at Jon Askelsøn var brukar på Lunde som var på 2 huder. Han eigde sjølv 8 skinn og syskjena hans det øvrige. I 1683 og 1688 var Jon brukar og eigar av 1 hud, medan broren Jørgen eigde 8 skinn og systera Ingeleiv 4 skinn. Jon har dermed overtek delen til Lussi. Jon hadde truleg 1 barn:

Marit, neste brukar

Torre Jespersen d.ca.1710 var brukar i 1693 og han var eigar av 1 hud. Tore var gift med Marit Jonsdotter. Skiftet i 1710 viser at Lunde 2 huder var pantsett til Ivar Jonsson på Sandbu for 200 rd. I 1711 var brukaren Marit med 2 barn. Tore og Marit hadde 2 barn:

Jon f.ca.1692, neste brukar

Jesper f.ca.1699 d.1761, seinare brukar

Jon Toresen fekk i 1715 bygsel på Lunde 2 huder.

Halvor Olsen fekk bygsel på Lunde i 1719. Halvor Olsen Lunde d.ca. 1720 var gift med Rønnaug Jakobsdotter, og i 1723 var det ho som var brukar av Lunde 2 huder. Rønnaug vart seinare gift med Lars Olsen Øvsteng. Far til Rønnaug heitte Jakob, og på geni.com finn ein at Rønnaug var dotter til Marit Johannesdr. Blessom n. Rønnaug hadde ein bror Johannes Jakobsen som vart gift med enkja på Klones og ein bror Jon Jakobsen Hagen.

Rønnaug hadde før ekteskapet 1 barn:

Jens Toresen, til Sletvold i Oppdal

Halvor og Rønnaug hadde 2 barn:

Marit f.ca.1708, g.m. Ola Syversen Svare

Ragnild f.ca.1712, g.m. Knut Olsen Svare f.1720. På Øvsteng.

I 1723 var eigar av 2 huder Annoldo defines arvingar. Arnold de Fine var sokneprest i Lom, og før 1729 har sonen Thomas overteke.

I 1729 var det skjøte på Lunde 2 huder frå Thomas de Fine til Jesper Toresson for 250 rd. Året før lånte Jesper 353 rd og pantsette Lunde 2 huder, men kanskje var dette betaling til seljaren Thomas de Fine. Jesper Thoresen f.ca.1699 var gift med Marit Olsdotter, ved skifte i 1758 var dei eigarar av Lunde 2 huder. Jesper og Marit hadde 3 barn:

Tore f.ca.1726, neste brukar

Jørgen 1734-1745

Nils f.ca.1738

I 1758 selde Jesper Toresson på Lunde garden sin Lunde 2 huder til eldste sonen Tore Jespersion for 400 rd. Tore d.1780 var truleg gift med Kari Pedersdotter.

I 1766 pantsette Tore Jespersen garden Lunde 2 huder for 500 rd. til Ola Olsen på Råstad. I 1782 har Ola Olsen Raastad s. 1715-1797 overteke Lunde på pant. Ola var son til Ola Iversen Lunde nig. f.ca.1678 d.1749 og Aase Olsdr. Raastad d.1737. Ola var gift med Randi Andersdotter Sunde 1724-1805 dotter til Anders Jakobsen Øy f.ca.1788 d.1777 og Torø Larsdr. Øy. Ola overtok sygard Råstad i 1740. Ola og Randi hadde 7 barn:

Ola 1743-1744

Aase 1745-1749

Ola 1749-1770

Aase 1751-1815, neste brukar

Else 1754-1760

Anders 1756-1841, g.m. Kari Iversdtr. Fellese 1762-1834. På Råstad og Fellese.

Kari 1758-1758

I 1785 var det skjøte på Lunde 2 huder frå Ole Raastad til svigersonen Anders Johansen Sunde 1758-1828 for 399 rd. Anders var son til Johannes Andersen Sunde 1723-1808 og Gunhild Tjøstelsdtr. Kleppe s 1729-1814. Anders var gift med syskenbarnet Aase Olsdotter Raastad 1751-1815, i 1788 overtok dei Sunde. Anders og Aase hadde 2 barn:

Johannes 1782-1820, g.m. Mari Pålsdtr. Holbø 1784-1857

Ragnhild 1786-1864, g.m. Hans Eriksen Helle 1786-1831, g.2.m. Pål Olsen Slette f.1787

I 1789 var det skjøte på Lunde 2 huder frå Anders Johansen til Hans Guttormsen for 999 rd. Hans Guttormsen 1759-1846 var frå Haugamoen son til Guttorm Erlandsen f.ca.1731 d.1795 og Imbjør Hansdtr. Strand f.ca.1738 d.1818. Hans vart i 1776 og 1789 nemnd som Stranden, frå 1787 til 1798 var han eigar av nigard Visdal. Hans vart 1784 gift med Tore Jonsdotter Valde s. 1759-1841 dotter til Jon Engebretsen Valde 1732-1820 og Eli Jonsdtr. Sandnes n. f.ca.1727 d.1806. Hans og Torø hadde 9 barn:

Johannes f.1784, neste generasjon på Lunde

Guttorm 1785-1864, g.m. Aagaat Tostensdtr. f.ca.1786 d.1871. Til Haugen i Skogbygda.

Ole 1788-1832, lærar i Trondheim

Ragnhild 1790-1829, g.m. Jon Rise, Oppdal

Jon f.1792, g.m. Imbjør Knutsdtr., Nyhus

Iver f.1794, Hesthafen i Romsdal

Hans f.1798

Engebret f.1800, skifte 1856, ugift

Elie 1803-1804

Johannes Hansen 1784-1816 vart 1813 gift med Marit Tostensdotter, Dovre f.ca.1788 d.1874.

Johannes hadde 1 barn:

Hans f.1814, neste brukar

I 1832 var det skjøte på Lunde 2 huder frå Hans Guttormsen til Hans Johannessen for 500 spd., Hans Guttormsen og hustru fekk føderåd. Hans Johannessen overtok etter bestefaren. Hans var gift med Thorø Guttormsdotter f.ca.1820. Hans og Thorø hadde 4 barn:

Johannes f.1836, neste brukar

Guttorm f.1844

Aagaat f.1847

Hans f.1851

I 1893 var det skjøte frå Hans Johannesen Lunde til sonen Johannes Hansen Lunde for kr 5000,-. Johannes 1836-1922 vart 1873 gift med Marit Olsdotter Svare 1849-1937 dotter til Ole Iversen Svare. Johannes og Marit hadde 9 barn:

Marit f.1873

Hans f.1875, neste brukar

Kari f.1877  
Ole f.1880  
Thor f.1882  
Johannes f.1886  
Mari f.1888  
Ragnhild f.1891  
Anne f.1893

Hans J Lunde 1875-1964 overtok etter faren i 1901. Haagenstadmyren gnr. 30 bnr. 2 og vart i 1901 frådelt frå Lunde og seld til Håkenstad, dette utgjorde 2 ¼ mål med skyldmark 0,23. Midtre Kjørteigen gnr. 30 bnr. 3 med skyldmark 0,46 vart frådelt og seld til Håkenstad seinare same året, båe desse areala låg ned mot Håkenstad nedanfor der bygdavegen gjekk. Hans vart 1897 gift med Mari Olsdotter Jespriktplads 1871-1958 dotter til Ole Guttormsen. Hans og Mari hadde 5 barn:

Johannes 1897-1982, neste brukar  
Gunhild f.1900-1978, g.m. Anders Haugli 1894-1976  
Marie 1901-1992, g.m. Knut Tøndevold  
Ola f.1904, neste brukar  
Kari 1906-1912

Johannes og Ola Lunde overtok etter faren i 1962.

Ola Haugli f.1932 overtok etter onkelen Ola Lunde. Ola Haugli overtok Haugli gnr. 27 bnr. 8 i 1974. Han er gift med Magnhild S. Strandene, Borøy i Aust-Agder f.1941 dotter til Hilmar Strandane f.1914 og Anne Kristine Andersen f.1917. Ola og Magnhild har 2 barn:

Unn-Berit f.1973  
Anders f.1976

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom  
Digitalarkivet: panteregister, folkeregister, kyrkjebøker  
Norske gardsbruk 1953-1997  
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.  
Jakup Skjedsvoll: notat om avskrifter av pantebøker og skattelister ca.1600-1800  
Geni.co  
Ola Magne Svare: opplysningar om brukarar rundt 1700